

Lindås kommune	Adm.enhet:	Forvaltningsseksjonen i region Vest
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	Sakshandsamar:	Kari Morvik
5914 ISDALSTØ	Telefon:	90734161
	Vår referanse:	16/5920
	Dykkar referanse:	16/828 - 17/9331
	Dato:	19.04.2017

Att:

## **UTTALE TIL LINDÅS KOMMUNE HORDALAND - FØRSTE GANGS OFFENTLEG ETTERSYN AV REGULERINGSPLAN RISØY HYTTEFELT GNR81 BNR10 BNR11 OG BNR49 MFL -plan-ID 1263-201604**

Vi viser til oversending datert 05.04.2017 med framlegg til reguleringsplan for Risøy hyttefelt.

### **Føremål og planstatus**

Hovudføremålet med planen er å legge til rette for ei justering av eksisterande fritidsbustadområde med tilhøyrande naust og flytebrygger på Risøy. Planframlegget opnar ikkje opp for nye hyttetomtar, men gir moglegheit for utviding av eksisterande fritidsbustader og oppføring av anneks, samt auke i tal på parkeringsplassar på fellesområdet. Det vert også opna for etablering av nye naust, flytebrygger, leikeplass og ballbane, samt betre tilrettelegging for badeplassar innanfor planområdet.

### **Vår rolle**

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga.

I saker som får følgje for desse næringane, er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet.

Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

### Arealbruk

Akvakulturløyve og viktige område for kystnært fiske er kartlagt av Fiskeridirektoratet sitt regionkontor.

De kan finne kartfesta informasjon på denne adressa: <http://kart.fiskeridir.no>.

**Vår vurdering**

Vi har registrert eit gyteområde for torsk i Risasjøen like nordvest for hytteområdet. I tillegg til gyteområde, er området registrert som fiskeområde etter torsk i perioden februar til april (gytesesongen). Området er nytta både av aktive fiskarar og til fritidsfiske. I samband med kartlegging av marint biologisk mangfald, har HI registrert eit regionalt viktig gytefelt for torsk i Lurefjorden.

Utbygginga kan føre til noko auke i småbåtrafikk i området, men etter vår vurdering vil ikkje utbygging i høve til framlegg til reguleringsplan med føresegner kome i konflikt med fiskeriinteressene i området.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Kari Morvik  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift*

**Mottakarliste:**

Lindås kommune

Felles postmottak 5914 ISDALSTØ  
Kvernhusmyrane 20**Kopi til:**

Fiskarlaget Vest

Slottsgaten 3 5003 BERGEN